



Seimsdal Kraft AS
Postboks 14
6882 ØVRE ÅRDAL

29 OKT. 2010

Vår dato:

Vår ref.: NVE 201001950-6 rv/rho

Arkiv: 317 /074

Dykkar dato:

Dykkar ref.: Oddbjørn Einan/ Eilert Olsen

Sakshandsamar:

Randi Holme

57 83 36 71

Seimsdal kraftverk - Rapport frå miljøtilsyn 27.10.2010

Vi viser til miljøtilsyn ved Seimsdal kraftanlegg 27.10.2010. Detaljplan for landskap og miljø vart godkjend av NVE 16.07.2010. Frå konsesjonæren møtte Eilert Olsen, frå Bystøl AS møtte Agnar Fosse. Entreprenøren ved Egil Strand var til stades under oppsummeringa. Frå NVE møtte Randi Holme. Anlegget er i ein tidleg byggefase.

| Lokalitet | Merknad |
|---------------|--|
| Generelt | Anleggsarbeida vart sette i gang i juli 2010 og det er planlagd prøvedrift i april 2011. Det vart opplysta at arbeidet som er gjennomført så langt er i samsvar med det som er godkjent i planar for landskap og miljø. Arbeidet som er gjennomført så langt er godt avgrensar i høve til arealbruk. Arbeidet stettar dei krava som NVE stiller til anlegg i denne fasen. |
| Inntak | Førebuande arbeid med avdekking av massar og sprenging er gjennomført. Noko sprenging står att. Arbeid med sjølv demninga er planlagt sett i gang 1. november. |
| Røyrgatetrasé | Topplaget i heile traséen til røyrgata er avdekkja og gjort klar til graving av røyrrøft. Røyrgata vil krysse fleire steingjerder. Stein frå desse er lagt til sides for oppattbygging. I nedre del av traséen vil røyret gå like forbi ein gammal lafta trebygning. Denne er teken omsyn til ved avdekkinga av topplaget. Konsesjonæren må legge vekt på omsynet til bygningen gjennom heile anleggfasen. Arbeidet med å legge røyr er nettopp sett i gang. |

| | |
|------------------------------------|---|
| Kraftstasjonsbygning | Avlaupskanalen er ferdig bygd. Grunnarbeida på stasjonsbygningen er sette i gang. |
| Internkontrollsysten for byggefase | Det vart teke ein stikkprøvekontroll av internkontrollsystemet for byggefase. Det vart presentert eit system for å ta omsyn til landskap og miljø. NVE vil peike på at systemet må tilpassast anlegget gjennom at tiltak for ikkje å skade den gamle trebygningen like ved rørtraséen må integrerast i internkontrollsystemet. Dette gjeld også tiltak for å ta i vare steingjerda som rørtraseen kryssar og eventuelt andre særskilde omsyn. |

Vi minner om at anlegget både for planlegging, bygging og seinare drift er underlagt internkontroll i samsvar med *Forskrift om internkontroll for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvann av 21.02.2003 nr.199.*

NVE skal haldast orientert om framdrifta i anleggsarbeidet.

Med helsing



Gunnstein Brakestad
regionsjef



Randi Holme
overingeniør

Kopi: Bystøl AS, Tomtebu, 6893 Vik i Sogn